



Ingeniør Aarland AS  
Eidsvågbakken 1  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7029 - 16/33091

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.12.2016

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 214/94 Fyllingsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.10.16.

Det vart i vedtak datert 14.12.15 gjeve rammeløyve på vilkår, eit av vilkåra for rammeløyve var at det før det vert søkt om igangsetjing skal ligge føre løyve til utsipp av sanitært avløpsvatn.

Det vart i brev datert 15.12.15 sendt førebels svar i høve søknad om utsleppsløyve av sanitært avløpsvatn der følgjande vart etterlyst:

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Plassering av sanitæranlegg og utslepp må nabovarslast.
2. Teikningar og situasjonskart som syner plassering (avtand til nabogrense) og storleik på slamavskiljar, samt plassering av leidingar og etterpolering av utslepp.
3. Dokumentasjon frå føretak med fagkunnskap som sikrar prøvetaking og dokumentasjon på stedeegnemasser sin egnethet med omsyn til infiltrasjon
4. Vedlegg kryssa av for under pkt. 6 i søknad om utslipp av sanitært avløpsvann frå hus og hytter kan vi ikkje sjå å ha motteke, vi ber om at dette vert sendt inn.

Vi gjer merksam på at dersom samavskiljar med tilhøyrande anlegg vert plassert nærare eigedomsgrense enn 4 meter så må det leggest fram skriftleg erklæring frå nabo om rett til nærare plassering, evt. søkje om dispensasjon frå pbl. § 29-4. KMD har i uttale datert 06.12.13 (deres saksref. 13/1178-2) uttalt at kommunen kan godkjenne plassering av septiktank inntil 1 meter frå grense etter pbl § 29-4, 3.ledd bokstav b).

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vilkår gjeve i rammeløyve datert 14.12.15 med omsyn til utsleppsløyve er ikkje fulgt opp, det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve for tiltak på eigedomen knytt til oppføring av ny fritidsbustad før



det ligg føre godkjent utsleppsløyve, dokumentasjon nemnd i skriv datert 15.12.15 i høve utsleppsløyvet må supplerast.

2. Vi viser til telefon med tiltakshavar Thomas Borsholm 06.12.16, der det vart opplyst at de har høve til å dele opp søknaden. Vi kan handsame søknad om endring av RA med omsyn til endringane som er planlagt på ny fritidsbustad, høgdeplassering og endra storleik på vindfang, samt igangsetting av rivingsarbeid i høve eksisterande fritidsbustad. Vi kan ikkje gje igangsetting av arbeid knytt til oppføring av ny fritidsbustad før tilhøva kring utsleppsløyve er avklara, dvs. at det ligg føre godkjent utsleppsløyve som fritidsbustad på gbnr. 214/94 skal knytte seg til.

**Vi ber om attendemelding på om de ønskjer at vi deler opp søknaden og handsamar søknad om endring av RA samt søkand om IG i høve rivingsarbeider.**

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 31.01.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Thomas Borsholm

Øvstunvegen 24 B 5223

NESTTUN

#### **Mottakarar:**

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE